



# Møteprotokoll Fellesrådsmøte

*Desse møtte: Turid Engen, Gunmar Grimstad, Bjørg Vartdal Hareide,  
Wenche Iren Roppen, Kjersti Røyset Topphol, Lidvar  
Grimstad, Hege Tretnes, André Gjerde (2. vara), Kristian  
Fuglseth (kommunal representant i fellesråd),  
Jan Erik Hovland (kyrkjeverje), Barbro Landmark (fungerande kyrkjeverje).  
Fråfall: Elisabeth Myrene (permisjon), Lars Sellereite,*

*Tysdag 12. sept. 2017  
kl. 19:30-21:00  
kyrkjekontoret*

## Saksliste

**FR 24/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**FR 25/17 Godkjenning av referat frå førre møte**

**FR 26/17 Kyrkjelydshus**

**FR 27/17 Rekneskapsrapport 2. tertial 2017**

**FR 28/17 Driftsbudsjett 2018**

**FR 99/17 Eventuelt**

## Orienteringar

- Kyrkjeverje – overgangsfase
- Plassering av soknet i ny kommunestruktur, vart sett opp som sak under eventuelt
- Orientering frå diakoniutvalet
  - o Haustakkefest 15. oktober
  - o Kurset 'God å snakke med' i regi av Kirkens SOS 26. oktober

## FR 24/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 22. august.

**Vedtak: Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste med ei ny sak under eventuelt.**

## FR 25/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 7. september.

**Vedtak: Fellesrådet godkjenner ikkje referatet. Nytt referat med berre vedtak i saka må skrivast.**

## FR 26/17 Kyrkjelydshus

Komiteen som arbeider med utgreiing og eventuell plan for vidare bruk av huset, ynskjer å kople inn ein arkitekt som kan bidra i forhold til romløysning.

Huset slik det står i dag kan overtakast og brukast som i dag, men dersom vi skal flytte inn med kontor for alle knytt til staben, inkludert frivilligsentralen sitt arbeid, trengs det påbygg eller eventuelt ombygging.

Staben har arbeidd ein del med ynskjer/draummar for bruken av huset og ser for seg mykje som kan vidareførast på ein enklare måte med eit slikt hus, i tillegg til nye tiltak som vil kome innbyggjarane i Hareid til gode.

**Vedtak: Fellesrådet ser behovet for arkitekt hjelp på eit tidleg stadium som viktig og er positive til å dekkje kostnader til dette ved bruk av midlar frå disposisjonsfondet, men ynskjer eit overslag på desse kostnadane.**

**FR 27/17 Rekneskapsrapport 2. tertial 2017**

Vedlegg: FR2717a Rekneskapsrapport 2. tertial 2017.pdf

Saksutgreiing: 2. tertial vart avslutta med august månad og rekneskapsrapporten viser korleis vi ligg an med tanke på budsjettet.

**Vedtak: Fellesrådet tek rekneskapsrapporten til vitande.**

**FR 28/17 Førebels driftsbudsjett 2018**

Vedlegg: FR2817a Førebels driftsbudsjett 2018.pdf

Saksutgreiing: Med tanke på skifte av kyrkjevevje som ligg føre denne hausten har forslag til driftsbudsjett 2018 blitt utarbeida av noverande kyrkjevevje litt tidlegare enn vanleg, slik at inngangen for den nye kyrkjevevja og mellomfasen skal gå lettast mogleg.

Endeleg budsjett vert vedteken i januar-møtet, etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak om rammeoverføring for 2018.

**Vedtak: Framlegg til driftsbudsjett vert teke til vitande og sendt rådmannen som innspel i budsjettprosessen.**

**FR 29/17 Plassering av soknet i ein ny kommunal organisasjonsmodell**

Kyrkjevevja deltok på eit møte om den nye organisasjonsmodellen og såg der at soknet ikkje var plassert nokon stad. Soknet var heller ikkje innkalla til møte og hadde lite kunnskap om korleis prosessen låg an.

**Vedtak: Fellesrådet vender seg til rådmannen ang.plassering av soknet i den nye organisasjonsmodellen og ber om eit møte for å diskutere saka.**

**Leiar og kyrkjevevje møter.**

Barbro Landmark

Fungerande kyrkjevevje